

## Vekeplan 2. trinn - veke: 25 (16.juni - 20.juni) 2025

- Måndag skal småskulen på tur til Tunheim. Elevane treng ikkje vanleg skulesekk denne dagen. Ha med niste(pølse på termos) og drikke. Det er lov å ha med litt kjeks i matboksen. Me tar med mjølka frå skulen. Sjekk vermeldinga og kle deg etter veret.
- Tysdag 17. juni er det aktivitetsdag for heile skulen. Dei treng heller ikkje vanleg skulesekk denne dagen. Elevane blir delt inn i ulike grupper. Dei skal gå ei løype og på vegen skal dei løyse ulike oppgåver. FAU kjem å griller pølser til elevane. Alle kan få to pølser kvar. Liker dei ikkje pølser må dei ha med vanleg skuleniste. På slutten av dagen skal lærarane spele fotballkamp mot 1.klasse først og 7.klasse etterpå.
- 20. juni er siste skuledag før sommarferien. Skulen sluttar til vanleg tid kl 12.40. Ta med vanleg skuleniste. Til siste time kan elevane ha med 0,5 liter brus og litt chips/snop i ein boks. Det er begrensa kor mykje dei klarar å ete den siste timen.
- Småskulen skal ha songsamling siste skuledag i 2.økt.
- Håpar elevane er godt i gang med sommerles. Kjempeviktig å halde lesinga vedlike gjennom ferien. På sommerles kan dei og registrere bøker som blir lest for dei og lydbøker.
- Ingen lekser denne veka, men supert om det blir lest litt til sommerles kvar dag.
- Ta med original lader til lpaden på onsdag og leseboka.
- Denne veka kjem vi til å bruke litt tid på å rydde og vaske. Ting vil bli sendt heim. Hugs å tømme sekken for ting, slik dei får plass til meir neste dag. Alt i garderoben skal og heim.
- Første dag i 3.klasse er torsdag 14.august.
- Tusen takk for eit godt samarbeid gjennom heile året. Mykje blir lettare når heim og skule spelar på lag😊. Håpar alle får ein flott sommarferie🌻



God  
Sommer!

